



Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
109/2014	Hovudutval for plan, landbruk og teknisk	
Sakshandsamar:	Teknisk forvaltning	Kjersti Flatråker
Arkivnr.:	14/1340	Dokumentnr.: 14/4788

Delingssak gbnr 82/25 og 82/31 Storheim - arealoverføring

Vedtak:

Det vert gjeve løyve til arealoverføring for omsøkt areal på følgjande vilkår:

1. Eventuell erklæring om vegrett (eller andre rettar/plikter) må leggjast fram for kommunen for tinglysning. Dette slik at erklæring kan tinglystast samstundes som den nye grunneigedomen vert oppretta i grunnboka.
2. Reguleringsplan for Storsandvik, arealdel og føresegner, vert følgt.

Grunngjeving av vedtaket er at søknaden er i tråd med gjeldande reguleringsplan for området.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslovas §§ 20-1 m, jf 12-4.

Saksopplysningar:

Det er søkt om grensejustering mellom gnr 82 bnr 31 og gnr 82 bnr 25 Storheim. Arealet er for stort i forhold til reglane for kva som kan grensejusterast og vert i det vidare handsama som arealoverføring jf vedlagt kart.

Føremålet med arealoverføringa er å få til ein betre arrondering til den kommunale vegen ned til næringsområdet som no er lagt noko om.

Området er regulert i detaljplan for Storsandvik og arealoverføringa er i tråd med reguleringsplan. Det vert ikkje endring av arealbruk ved å justere grensene.

I kommuneplanen er omsøkt areal definert til byggjeområde for heilårsbustad. Føremålet med delinga er i tråd med overordna plan for området.

Søknaden skal handsamast etter plan- og bygningslova "Kapittel 20 .Søknadsplikt".

Naboane er ikkje varsla slik lova krev, men dei vil få vedtaket tilsendt med klagerett.

Vurdering

Etter delegasjonsreglementet vert det gjeve samtykke til omsøkt deling med vilkår om at ein har

tilkomst til tomta, tinglyst rett til bruk av veg og at ein koplar eigedomen til nytt anlegg for vatn og avløp.

Kommunen set og som vilkår at reguleringsplanen, arealdel og føresegner, vert følgt.

Søknadspliktige tiltak på eigedomen kan berre skje etter godkjent søknad til kommunen.

Kommunen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Ein finn ikkje at omsøkte tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Konklusjon

arealoverføringa er i tråd med gjeldande reguleringsplan for Storsandvik.

Ikkje vedlagte saksdokument:

Vedlagte saksdokument:

Gnr 8225, 31 Storheim - Oppmålingsforretning - Grensejustering (L)(197451)	6560	06.05.2014
Arealoverføring Storsandvik.	6561	06.05.2014
20140506083925	6562	06.05.2014